

Kartlegging av barn og unges lese- og skrivevanskar med Arbeidsprøven.

Forfattere: Duna K.E., Frost J., Godøy, O. og Monsrud, M. Bredtvet kompetancesenter 2003

Arbeidsprøven er eit materiell som er tenkt til bruk i individuell kartlegging av elevar med lese- og skrivevanskar. Den kan brukast i høve til elevar som ein bør vere spesielt merksame på etter å ha kartlagt klassar med gruppeprøver. Materialet er utvikla av dysleksiseksjonen ved Bredtvet kompetancesenter i nært samarbeid med fleire skular rundt om i Noreg.

Arbeidsprøven skil seg frå anna kartleggjingsmateriell ved at den ikkje er standardisert. Den inneholder ei rekke oppgåver for å undersøkje den språklege dugleiken, og det er gratis tilgang til den over Internett. I denne artikkelen går vi nærmare inn på tre tilhøve som utgjer grunnlaget for utviklinga av dette materialet.

- **Kartlegging av lesevanskar og arbeid for å avhjelpe vanskane må fungere som ei eining:**

Kartlegging som ikkje fører til endring av praksis kan i beste fall gi ny forståing, men i verste fall opplevast som eit vonbrot. Tiltak som ikkje er regulert av teoretisk forståing vil kunne bli ei lang reise i prøving og feiling. I Arbeidsprøven har vi implementert dynamisk kartlegging, fordi det er ein måte å sameine kartlegging og tiltak på.

- **Lesing og skriving er språklege aktivitetar:**

Arbeidsprøven speglar av at vi ser ein nær samanheng mellom språk og lesing ved at prøven inneholder mange oppgåver for å undersøkje eleven sin språklege dugleik.

- **Kunnskap om barns lesevanskar må utviklast i samarbeid med lærarar og føresette.**

Lærar er heilt sentral når barnet har vanskar med læring. Arbeidsprøven er utvikla for å vere læraren sitt verktøy. Vi har tatt med prøver vi meiner er naudsynte for å leggje til rette undervising. Ved at lærarane sjølve kan gjøre større delar av kartleggjingga, aukar også deira kunnskapar om lese- og skrivevanskar, og dermed også skulen sine kunnskapar på dette området. Vi ønskjer at Arbeidsprøven skal gi foreldre, lærarar og PPT eit felles fokus for dialog om elevens undervisninga.

1. Arbeidsprøven og Dynamisk kartlegging

Dynamisk kartlegging er ei arbeidsform som er inspirert av den russiske forskaren Lev Vygotsky. Eit hovudpoeng hos Vygotsky er at barn utviklar tenking gjennom samhandling med andre. Det barnet i dag meistrar med hjelp frå ein vaksen, kan det seinare meistre åleine. For at samhandlinga skal føre til ein optimal læringsituasjon blir det stilt krav både til vanskegraden i oppgåva og til den hjelp og støtte som den vaksne gir. Oppgåva bør korkje vere for enkle eller for vanskeleg. Ei oppgåve har optimal vanskegrad når den er litt vanskelegare enn det barnet sjølv klarar, men enkel nok til at den kan meistrast med hjelp frå ein vaksen eller annan meir kompetent person. Den hjelp og støtte som blir gitt, skal bidra til at eleven lykkast, og dessuten bidra til at eleven utviklar evna til å meistre oppgåva sjølvstendig.

Dynamisk kartlegging skil seg frå tradisjonell testing på fleire måtar. Ved tradisjonell testing nyttar ein standardiserte oppgaver som til sammen skal gi eit "objektivt" bilet av ein persons evner og eigenskapar, sterke og svake sider.

Tradisjonell testing har ulemper og svake sider som i det siste har fått meir merksemd / fokus:

- Ein kan bli for fokusert på manglar og avvik, dvs. fokusere på det som er gale i staden for på løysingar.
- Det kan ofte vore vanskeleg å omsetje kunnskapane til tiltak.
- Kunnskapane ein får ved denne forma for kartlegging kan vere vanskelege å forstå for dei som skal hjelpe elevane.

Ved dynamisk kartlegging flyttar ein fokus til det eleven kan og til det som kan hjelpe eleven videre. Målet for kartlegginga er dermed å finne fram til ein best mogeleg undervisingssituasjon for den aktuelle eleven. Dette er noko ein må prøve seg frem til i samarbeid med eleven. Pedagogens rolle blir å prøve ut ulike støttetiltak, merke seg korleis eleven reagerer på hjelpa, og tilpasse vidare hjelp og støtte i tråd med tilbakemeldingane. Det blir eit dynamisk samspel mellom pedagog og elev, mellom tiltak og læring.

Støttestrategiar

Når ein skal gå i gang med dynamisk kartlegging, kan det vere lurt å planleggje ulike alternative måtar å gi støtte på (støttestrategiar) på førehand. I rettleiinga til Arbeidsprøven har vi gitt nokre døme på slike støttestrategiar. Ein kan også finne døme på slike støttestrategiar i rettleiinga til IL-Basis.

Ved bruk av Arbeidsprøven legg vi opp til at ein først finn meistringsnivået til eleven. På ein systematisk måte tilbyr ein deretter eleven støtte til å mestre ei oppgåve som ligg over prestasjonsgrensa. Prøvetakar hjelper eleven minst mogeleg i byrjinga. Støtten blir gradvis utvida etter kvart som ein ser kor mykje støtte som må til for at eleven kan klare oppgåva.

Kartlegginga kan vere eit godt utgangspunkt for planleggjing av vidare tiltak. Tiltaket blir å bruke dei støttestrategiane som viste seg å fungere i kartleggingssituasjonen. Etterpå blir støtta redusert etter kvart som eleven blir i stand til å mestre oppgåvane sjølvstendig.

2. Språk og lesing

Lesing blir til vanleg delt inn i to ulike, men gjensidig avhengige prosessar. Den første er lesing som ein teknisk dugleik, det vi kallar avkoding. Lesing som avkoding vil seie å 'sjå kva som står' i ein tekst. Det tyder at ein kan oppfatte rekkjer av bokstavar som ord. Den andre prosessen, leseforståing, handlar om å forstå meinингa i dei orda som blir avkoda.

I leseforsking og leseteori har ein lenge diskutert om lesing er ein teknisk dugleik som krev strukturert opplæring eller ein språkleg aktivitet som krev ei mer heilskapleg og meiningsorientert tilnærming. Denne debatten har til tider vore så oppglødd og polarisert at den har skada praksis i skular verda over. Uvisse, einsidig praksis og manglande fokus på læringa åt elevane har blitt resultatet mange stadar.

Lesing forutset begge prosessane. Avkoding utan forståing er ikkje lesing og forståing utan avkoding er ikkje praktisk mogeleg. Det er eit gjensidig tilhøve mellom avkoding og forståing. God avkodingsdugleik (automatisert ordavkoding) set fri

ressursar til å forstå tekstu. Ein rask og sikker lesar vil lettare binde saman poeng i teksten og dermed oppfatte meiningsa. Langsam lesing derimot vil belaste minnet fordi lesaren ikkje veit kva som skal vektleggjast og kva som kan oversjåast. Forståing kan på si side verke inn på avkodinga. Eit godt mentalt leksikon, god forståing av grammatikk og erfaring med tekstu vil gi mange haldepunkt som kan støtte avkodingsprosessen. Barn som har blitt lese mykje før, vil vite meir presis kva dei ventar seg når dei les, enn barn som har lite erfaring med ulike tema i forteljingar.

I debatten om kva lesing er og korleis lesing skal lærast, har ein frå den eine sida ("phonics" tradisjonen) hevda at lesing bør lærast frå detalj til heilskap, dvs. med vektlegging av bokstavinnlæring og lydering. "Whole language" tradisjonen har argumentert for det motsette- at læringa må gå frå heilskap til detalj. For at lesing ikkje skal bli ei meiningslaus øving må arbeidet starte med forståing av innhaldet i teksten. Vi vil hevde at det mest fruktbare utgangspunktet er å sjå på og bruke det som er mest nyttig i begge tradisjonane.

I Arbeidsprøven blir muntleg og skriftleg språk undersøkt på ulike nivå. Oppdelinga av delprøvene går frå tekstu og ord i ein meiningsfull samanheng til dei minste delane i språket, språklydar og bokstavar. Døme på det siste er prøver på fonologisk medvit og bokstavkunnskap. Døme på det første er prøver på leseforståing og fri skriving. Ei kartlegging med Arbeidsprøven gir dermed eit heilskapleg bilet av ein elevs føresetnader for å lese og skrive. Når tiltak skal planleggjast vil målsetjinga vere både rask og sikker avkoding, og god forståing. Ein kan ikkje vente at eleven avkodar nye og ukjende ord utan å kunne bokstavar og strategiar for å omgjere rekkjer av bokstavar til ord. Og ein kan ikkje vente at eleven forstår tekstu dersom han eller ho ikkje forstår orda i teksten, eller manglar føresetnader for å forstå innhaldet. Tiltak bør difor ta omsyn både til detaljar og heilskap, avkoding og forståing.

Ein lesemетодikk kalla "Helhetslesing" utvikla av Jørgen Frost og prøvd ut ved dysleksiseksjonen, strukturerer arbeidet slik at merksemda åt elevane blir styrd både mot det overordna innhaldet i teksten, og mot nitid arbeid med språket sine minste detaljar, for deretter å integrere / samordne detalj og heilskap.

Språket er den primære reiskapen for kommunikasjon, difor er det naturleg at mykje av undervisinga i skulen blir basert på formidling gjennom verbalt språk. Ei kartleggjing med Arbeidsprøven bør difor også få konsekvens for andre sider av undervisingssituasjonen enn lesing og skriving. Ved å basere meir av undervisinga på demonstrasjon og praktiske øvingar, vil ein kunne nå fleire av dei elevane som slit med å oppfatte munnleg instruksjon.

Vidare undersøking av språkdugleik

Kartlegging med Arbeidsprøven gir ikkje eit uttømmande bilet av språkdugleiken til barnet. Til det er språket eit for komplekst og samansett område å undersøke. Når ein nyttar Arbeidsprøven og oppdagar barn som har vanskar med ulike sider av språket, bør ein undersøke dette vidare. Sjølv ganske små problem kan verke inn på leseforståing og evna til å skrive etter kvart som krava til språkdugleik aukar i skulen. I tillegg kan språkvanskars verke inn på samhandling med andre med den følgje at sjølvkjensla og trivselen på skulen blir svekka. Kartleggjing av barns lese- og skrivedugleik bør i alle tilfelle utfyllast med observasjonar og samtalar med personar som kjenner barnet godt. Då kan ein få nyttig informasjon om korleis barnet brukar språk i samhandling med andre barn. Vi tenkjer på barnet si evne til å formidle informasjon, uttrykkje kjensler, regulere samhandling og eigen aktivitet. I samtalar er det viktig å meistre reglar for turtaking (veksle mellom kven som snakkar og lyttar), halde seg til tema (og veksle tema på ein formålstenleg måte), ta andres perspektiv og kunne fortelje på ein slik måte at det blir interessant for tilhøyrarane. Verdien av dei sosiale aspekta ved språket må ikkje oversjåast. Det er gjennom språkleg samhandling at barn utviklar eigen språkkompetanse. Samtidig er språket også viktig i samband med regulering av eiga framferd og evaluering av eigne prestasjoner.

Kartleggjing gir eit bilet av sterke og svake sider. Kunnskapen fra kartleggjinga bør brukast til å arbeide på fleire frontar. Ein må ikkje sjå seg blind på det pedagogiske arbeidet med å trenre svake sider. Mange dyslektikarar vil sjølv med god oppfølging gjennom heile grunnskulen måtte leve med ein svakare lese- og skrivedugleik enn ønskjeleg.

Oppfølginga må også fokusere på å :

- arbeide med sjølvforståing slik at eleven kan halde fast på eit godt sjølvbilete.
Dette vil seie å hjelpe eleven til å avgrense problema.

- utvikle sterke sider og interesseområde.
- gjere det mogeleg å få meistringsopplevelingar trass i vanskane. Del opp oppgåvene, gi meir tid eller gjer oppgåvene enklare til dømes ved å bruke hjelpemiddlar. Dette er viktig for å gjere innsats i skulen meiningsfull og motiverande.
- ta i bruk dei kompensatoriske hjelpemiddla som er aktuelle.

3. Arbeidsprøven i samarbeidet mellom skule og PPT

Kartlegging av barn med lese- og skrivevanskar har truleg i for stor grad vore einsidig retta mot å vurdere behov for spesialundervising og for å løyse ut rettar. Arbeidsprøven er eit kartleggingsverktøy som kan nyttast for å kunne gi ei best mogeleg tilpassa undervising, difor er det naturleg at det er lærarane åt eleven som får ansvar for å utføre dette arbeidet. Det gir også det spesialpedagogiske teamet ved skulen ei meir sentral rolle, ikkje berre i høve til kartleggjinga, men også i høve til tilretteleggjinga.

Arbeidsprøven kan åpne for ei endring i samarbeidet mellom både norsklærar og spesialpedagog og mellom spesialpedagog og PPT. Nokre opplysingar (som til dømes ein del av bakgrunnsfaktorane) vil det vere PP-rådgievaren som må innhente, medan spesialpedagogen kan nytte Arbeidsprøven til å undersøkje dugleiken i språk og lesing. Norsklærar vil kunne gjennomføre gruppeprøver og observere korleis eleven fungerer i klassen. Heimen vil kunne gi viktig informasjon om sider ved barnet som ikkje kjem fram i skulesamanheng. I saker der alle partar er involverte, er det naturleg at PP-rådgievaren tar ansvaret for å koordinere arbeidet. Spesialpedagogen si oppgåve blir å utvikle eit konkret undervisningsprogram basert på summen av den kunnskapen ein har fått om barnet. I dette arbeidet vil PPT kunne fungere meir som rettleiar og samtalepartnar enn som ekspert. Kompetanse blir overførd til skulane ved at PPT gjennomfører kartleggjing i samarbeid med spesialpedagog på skulen. Etter kvart som skulane blir fortrulege med dette kan rolla til PP-rådgjevaren endrast frå demonstrasjon i bruk av Arbeidsprøven til rettleiing av læraren i gjennomføring, tolkning og igangsetting av tiltak.

Vi vonar at Arbeidsprøven kan medverke til at kunnskap om barns særskilde læreføresetnader når det gjeld lesing og skriving kjem nærmare barnet og dei som skal bruke kunnskapen. Bruken av Arbeidsprøven kan vere ein reiskap for skulen til å stadfeste eller avsanne ein mistanke om alvorlige lese- og skrivevanskår, auke forståinga av kva karakter vansken har, og sist, men ikkje minst, brukast som hjelpemiddel ved tilrettelegging av støtteundervisninga eller planleggjring av lesekurs, skrivekurs eller anna intensiv og målretta opplæring.

Når ein har fått erfaring med å finne ulike meistringsnivå hos elevane og å bruke støttestrategiar, vil ein kunne oppleve at behovet for Arbeidsprøven blir stadig mindre. Då har den etter våre intensjonar fylt sin funksjon.

Litteratur:

Frost, J. Og Nielsen, J.C. (1999): IL-basis. Assessio Norge AS

Frost, J. (2003): Prinsipper for god leseopplæring. Oslo : Cappelen, 2003

* Du kan laste ned Arbeidsprøven på Bredtvært kompetancesenter si heimeside:

<http://www.statped.no/bredtvært/arbeidsproven>

Ved spørsmål eller kommentarar til artikkelen, kontakt Dysleksiteamet på Bredtvært kompetancesenter, tlf. 22 90 28 00.